

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2014-2015

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2014 – mai 2015

Styret i arbeidsåret 2014/2015

Anders Timberlid (leiar)

Ulrike Spring

Kjerstin Risnes

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær.

Iris Helene Kopperud har vore skulekontakt

Tilstellingar og aktivitet

HIFO, avd. Sogn og Fjordane har hatt følgjande arrangement i samarbeid med historikarmiljøet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane:

10. juni 2014: Ulrike Spring: Materializing the Aurora: Carl Weyprecht and scientific documentation in the 1870s

31. oktober 2014: Utmarka i det gamle jordbruksområdet. Samarbeid mellom Vik lokalhistoriske arkiv, Hifo og Høgskulen

5. desember 2014: Ulrike Spring og Hanne Østhus: Celebrating Norwegian Egalitarianism: The 200-years-anniversary-exibition at Eidsvoll historic house.

Skulekontakten, Iris Helene Kopperud, har teke del i seminar arrangert av Cappelen forlag.

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt, og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen, radiointervju og skriving i lokalavisene i samband med 1814 og store og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmene er i meldingsperioden i gang med større historiske arbeid som Fylkessoga for Sogn og Fjordane, historieverk for Florø og ”Høyanger 1915-2015”..

Laget hadde ein representant, Gaute Losnegård, som heldt innlegg i samband med Historikardagane i Oslo i juni 2014.

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget fekk eit driftstilskot på kr. 5000 frå sentralt hald for 2014/2015.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 17 medlemmer.

Styrearbeid

Dei fleste i styret arbeider ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og har såleis dagleg kontakt om ulike saker. Forutan styremøte held vi kontakt via telefon og på e-post med dei andre i styret,

Sogndal, 2. juni 2015

Anders Timberlid
Leiar